



Notat

Dato: 7.10.2014
Arkivsak: 2014/392-2
Saksbehandlar: bjomidt

Til: Samferdselsutvalet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status for arbeidet med å sikra Askøybrua

Videoovervakingsutstyret til Askøybrua er no kome på plass. Men per dags dato har ikkje Statens vegvesen formelt overteke installasjonen frå entrepenøren. Når anlegget er overteke frå entrepenøren, skal Statens vegvesen ha eit møte med politiet for å formalisera overgangen frå testfase til ordinær drift. Systemet fungerer slik at når dei infraraude strålane verte brotne, får politiet ein alarm - og kamera vert aktiviserte. Bilete vert overførte til politiet. Berre politiet har tilgang til bileta. Det er ingen «mellom-instans» involvert, heller ikkje Vegtrafikksentralen.

Statens vegvesen har organisert vakthald på brua natt til laurdagar og natt til søndagar. Fylkesrådmannen legg opp til å avslutta dette vakthaldet når videoovervakinga er i ordinær drift.

Statens vegvesen held no på med å utgreia høge gjerde og etablering av eit kollektivfelt på brua. Dette utgreiingsarbeidet vert fullført innan utgangen av 2014.